



## Årsmelding 2024 Arna Arbeidarpartilag

Styre og utval for året 2024, valt på årsmøtet i Arna Arbeidarpartilag 26. januar 2024:

### **Styret:**



Leiar	Arild Grimstad Iversen	2 år
Nestleiar	Ann Wigdis Wilhelmsen	2 år
Styremedlem	Marit Austnes	2 år
Styremedlem	John Brattåker	2 år
Styremedlem	Britt Torvund	Ikkje på valg
Styremedlem	Geir Steinar Dale	Ikkje på valg
1. varamedlem	Elena Danyliuk Namdal	1 år
2. varamedlem	Ståle Nordøen	1 år
3.varamedlem	Tor Inge Akselsen	1 år

I tillegg til valde styremedlemmer, har Kine Bratli Dale tiltredd styret, i kraft av å vere lagets medlem av fylkestingsgruppen til Vestland Arbeiderparti.

Styret konstituerte seg sjølv med øvrige funksjonar utover leiar og nestleiar på første styremøte etter årsmøtet. Marit Austnes har fungert som kasserar, medan John Brattåker har fungert som medlemsansvarleg. Rolla som sekretær har rullert frå styremøte til styremøte.

Revisor: Per Torvund 1 år

Revisor: Arvid Eide 1 år

Vara Revisor: Kristin Akselberg 1 år

#### **Representantskapet og årsmøtet i Arbeiderpartiet i Bergen:**

Medlemmar:	Vararemedlemmar:
Arild Grimstad Iversen	Einar Salbu
Ann Wigdis Wilhelmsen	Elena Danyliuk Namdal
John Brattåker	Per Torvund
Marit Austnes	Britt Torvund
Geir Steinar Dale	Ståle Nordøen
Kine Bratli Dale	Kristin Akselberg

#### **Årsmøtet i Vestland Arbeiderparti:**

Medlemmar:	Varamedlemmar:
Arild Grimstad Iversen	Geir Steinar Dale
Marit Austnes	Kine Bratli Dale

#### **Representantskapet i Vestland Arbeiderparti:**

Medlem: Arild Grimstad Iversen

Varamedlem: Marit Austnes

#### **Nominasjonsmøte for Hordaland valkrets 30.11**

Medlemmar: Ann Wigdis Wilhelmsen og Geir Steinar Dale

Varamedlemmar: Kine Bratli Dale, John Brattåker og Marit Austnes

#### **Kvinneutvalet:**

Elena Danyliuk Namdal

**Styrrepresentantar i IS Kulturhuset Sentrum:**

Medlem: Geir Steinar Dale 1 år  
Varamedlem: Kine Bratli Dale 1 år

**Årsmøte IS Kulturhuset Sentrum:**

Medlem: Kine Bratli Dale 1 år  
Medlem: Arild Grimstad Iversen 1 år  
Medlem: Geir Steinar Dale 1 år  
Varamedlem: Ståle Nordøen 1 år

**Representantar i Fylkestinget:**

Kine Bratli Dale, medlem av Fylkesutvalet og Fylkestinget, og nestlediar i Hovedutval for kultur, idrett og inkludering

**Representantar i Bergen bystyre:**

Geir Dale, medlem - Utval for miljø og byutvikling  
Einar Salbu, varamedlem - Utval for finans, kultur og næring

**Politiske representantar i samarbeidsutval skular og barnehagar:**

Garnes skule: Marit Austnes, med Ståle Nordøen som vara  
Indre Arna barnehage: John Brattåker, med Ann Wigdis Wilhelmsen som vara  
Bogane barnehage: Ann Wigdis Wilhelmsen, med Kristin Akselberg som vara  
Ytre Arna skule: Kine Bratli Dale, med Arild Grimstad Iversen som vara

**Representant i skolepolitisk utval Arbeiderpartiet i Bergen**

Marit Austnes

**AiB sitt innstillingsutvalg for nominasjon til Stortinget 2025:**

Marit Austnes

**Valkomité Arna Arbeidarpartilag 2024:**

Leiar: Kristin Akselberg 1 år  
Medlem: Ståle Nordøen 1 år  
Medlem: Kine Bratli Dale 1 år

**Valkomité AiB 2024:**

Marit Austnes (fram til medio desember 2024)

## Årsmøte 26.01.24

Årsmøtet 2024 blei avhalden i Speglsalen i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna, og det var 18 medlemmar til stades. Fylkesvaraordførar Stian Davies heldt innleiing om den politiske situasjonen, med fokus på samferdsle, utdanningspolitikk, sosialpolitikk og det komande programarbeidet til Arbeiderpartiet knytt til stortingsval 2025. Det blei vedteke 2 saker/uttalar, knytt til kvinnehelse og Palestina. Desse vart begge delvis eller i si heilheit oversende til Arbeiderpartiet i Bergen sitt årsmøte.

Kulturelt innslag på årsmøtet vart presentert av Sigurd og Helene frå musikklinja v/Langhaugen vidaregåande skule, som framførte flott song og musikk.



### Politisk rekneskap for årsmøtevedtak

Kvinnehelse - Vedteken som del av uttale frå årsmøte AiB, oversendt årsmøtet Vestland AP og vedteken som del av uttale der også. Arbeidast vidare med inn mot Landsmøte 2025.

Palestina - Vedteken som del av uttale frå årsmøte AiB og delvis også følgd opp nasjonalt. Arbeidast vidare med inn mot Landsmøte 2025.

## Æresbevisningar / merkeutdeling:

Tradisjon tro, vart medlemmar med årsjubileum markerte på årsmøtet.  
Følgjande har fått utdelt merke/diplom for medlemskapet sitt i  
Arbeiderpartiet for 2023:

Arvid Eide 20 år  
Bjarte Aaland 20 år  
John Arne Slåke 30 år  
Karsten Fjellanger 70 år  
Per Torvund 50 år  
Reidar Osland 20 år  
Turid Gaasdal 40 år



3 av medlemmane var til stades og fekk levert merke/diplom på årsmøtet, medan dei andre vart oppsøkt personleg i ettertid. Her vil me trekkja fram eit veldig sterkt møte med 70-årsjubilant Karsten Fjellanger på 92 år, som leiar og kasserar besøkte i sin heim på Vågseide i Nordhordland. Besøket vart dokumentert med ein fin [lesarreportasje i Bygdnytt](#).

Følgjande medlemmar vil bli heidra med æresbevisningar på årsmøtet i 2025 for 2024:

Birger Bergsvein Bendiksen 60 år  
Geir Steinar Dale 50 år  
John Brattåker 30 år  
Arild Grimstad Iversen 20 år  
Britt Torvund 20 år  
Kine Bratli Dale 20 år  
Solgunn Bratli Dale 20 år  
Karin Wenche Natås 20 år

## **1.mai arrangementet:**



1.mai vart i 2024 gjennomført i ein litt nedskalert versjon samanlikna med tidligare år. I staden for prosesjon frå Alf Bondes veg, starta markeringa med krans-nedleggjing og korps i minneparken, før ein kort prosesjon ned til Kulturhuset sentrum. Der fortsette dagen på ganske tradisjonelt vis, med talar, underhaldning og barneleikar. Hovudtalar var stortingsrepresentant og medlem av finanskomiteén Eigil Knutsen, medan ungdomsappell vart halden av Alexandra Schonhowd Sørensen frå AUF og internasjonal appell vart halden av Maya Omar frå Norsk Folkehjelp. Arrangementet blei gjennomført innandørs, med god deltaking. Arne Musikforening var med, slik at det blei ei verdig og fin markering, og Sigurd og Helene frå musikklinja v/Langhaugen vidaregåande skule sto for den kulturelle underhaldninga.



## **Medlemsmøter:**

Laget har i 2024 gjennomført 3 medlemsmøter. Alle desse har vorte gjennomført som fellesmøter i samarbeid med Åsane Arbeiderparti.

12.mars blei det gjennomført møte knytt til programarbeidet, med spesielt fokus på temaet Riktig kompetanse og nok folk. Møtet vart halde i Ådnahall Kulturverkstad, og det var godt oppmøte, med representasjon frå fleire lag frå ulike delar av Arbeiderpartiet i Bergen. Even Sørland frå Åsane Arbeiderparti og Ann Wigdis Wilhelmsen frå styret heldt kvar si innleiing til debatt, og møtet vart fulgt opp med innlegg frå salen, der innlegga vart noterte ned av dei to lagsstyra og fulgt opp med konkretisering av ulike forslag som vart sende inn til Arbeiderpartiet sin programkomité.



26.juni hadde Arna og Åsane sommarmøte, med «korgafest». Det blei også der fokus på programarbeidet, kor medlem av programkomitéen Rune Bakervik innleia om arbeidet i programkomitéen og tok imot innspel til det vidare arbeidet.



25.november hadde Arna og Åsane eit nytt møte om programarbeidet, knytt til forslaget frå programkomitéen og frist for endringsforslag. Det var rundt 16 oppmøtte, med ein open og uformell drøfting rundt bordet knytt til både konkrete forslag og meir overordna politiske tema. Møtet vart halde i Åsane kulturhus.

## Folkemøte 10.juni



Laget arrangerte 10.juni ope folkemøte i samarbeid med foreininga Vi i Arna. Møtet vart avholdt på Ådnemarka skule, og hadde godt oppmøte frå Arnas innbyggare. Tema på møtet var ungdommens syn på Arna som framtidig bustad, utviklingsplanar samt kultur. Det var god aktivitet frå dei oppmøtte i salen, med gode spørsmål og innspel.

## Kvinnepolitisk arbeid

Laget har også hatt lokal kvinnepolitisk aktivitet i 2024. Lagets medlem av Kvinneutvalet, har bidratt til godt og viktig opplysningsarbeid knytt til vald i nære relasjonar, gjennom utarbeiding av gode og informative brosjyrer/flyers omhandlande dette temaet. Desse har vorte flittig delt ut ved aksjonar og møter laget har deltatt i.



## Kulturhuset Sentrum

Som medeigar i Kulturhuset sentrum Ytre Arna, blir laget jamleg førespurte om å bidra med ressursar til ulike arrangement og aktivitetar huset gjennomfører. I 2024 har me frå laget delteke med frivillige på 4-5 ulike offentlege helgarrangement huset har gjennomført, og stilt opp på dugnad som huset gjennomførte i november. Vi har også vore til stades under allmøte om husets aktivitetar og frivillige behov i november.

## Andre aktiviteter:

Etter årsmøtet 26.01.24 har styret hatt 9 styremøte og behandla 58 saker. Det er sendt ut julekort til alle medlemmar i desember 2024. Styret har og hatt jamleg kontakt via messenger.

Det har vore gjennomført 2 kaffi-aksjonar på Arna Stasjon, 1 «politikarbenk» på Øyrane Torg og 1 turaksjon bak Oppetveiten v/oppgangen til nye Dagsturhytta. Blant tema som har vorte knytt til aksjonane, er opning av dobbeltspor Arna-Bergen, marknadsføring av 1.maiarrangement og Arbeiderpartiet sentralt si haustkampanje.



Tre eksempler som til sammen sparer barnefamilier for flere tusen kroner hvert år:

- 1. august kuttes barnehageprisene. Spar: Minst\* 1 000 kroner i måneden per barn.
- Nå blir det mer gratis SFO i både 1., 2., og 3. klasse. Spar: I snitt 1 667 kroner i måneden per barn, eller om lag 20 000 kroner i året.
- 1. september øker barneverntrygden med 256 kroner i måneden, eller 3 072 kroner i året.

Nå vil du spare totalt 115 000 kroner gjennom alle årene med barnehage og SFO per barn.

PS! Og ikke nok med det. Vi øker også studiestipendet med over 1 200 kroner i måneden.

\* 100 kommunar i Norge har stort kutt i barnehageprisene i 2024. Noen hadde de mest spreddtrykte distriktskommunene, som tilhører såvært sentrale riksdelene 5 og 6.

Bli med i Arbeiderpartiet du også!  
Send SMS "Ap" til 2077

Eller skann QR-koden



Styret har også arbeidd med ulike lokalpolitiske utspel. Me har hatt fleire lesarbrev i Bygdnytt knytt til lokal utvikling i Arna, delteke i Vestland fylkeskommune si høringsrunde rundt nedskalering av tilbodssstruktur ved Arna vidaregåande skule, og vore aktive knytt til Høgre-byrådet sitt budsjett som inneheldt store kutt for Ytre Arna skule og lokalsamfunnets symjehall. I sistnemnde sak, fekk ein også til eit godt lokalt tverr-politisk samarbeid og dialog med ramma lag og organisasjonar, med felles mediautspel i Bygdnytt og brev til bystyret v/dei ulike partia. Ein oppnådde delvis tilbaketrekkjing frå Høgre-byrådet på dei verste kutta, men me er likevel svært uroa for kva endeleg vedteke budsjett og planar vil bety i praksis.

#### **Anna:**

Styret har ikkje fått prioritert oppfølgjing av arkivering av eldre protokollar og dokument for lokallaget, og har kun fått arkivert fortløpende styreprotokollar for inneverande år.

Elles har laget i 2024 fortsatt blitt noko forhindra i reklamering av aktivitet mot publikum, knytt til at gjeldande Facebookside har vore nede. Det har vore avventa signal frå Meta (Facebook-eigar) si side på klaging av stenging av sida, utan at dette har gitt resultat - Arna si side er for øvrig berre ei av mange sider til lokallag landet over som er råka. Laget valde derfor til slutt å opne ei ny Facebook-side, [Arna AP](#). Det er foreløpig kun leiar og nestleiar som har administratortilgang, og det vert gjort avvegningar etter kvart på kven som skal ha denne tilganga for å dempe risiko for feilpostingar og anklagar om spam som kan verta rapportert og få ny side stengd ned.

#### **Økonomi:**

Per 31.12.2024 hadde laget kr 4019,- på konto. Rekneskapet viser eit underskot for 2024 på kr 8446,-, dette er eit avvik på kr 4316,- i forhold til budsjett. Hovedårsaka til dette er auka utgifter til møtevirksomhet, valkamp (aksjonar) og 1.mai.

#### **Konklusjon:**

Pr. 31.12.2024 hadde laget 80 medlemmar, (79 medlemmar og 1 støttemedlem), dette er ein nedgang på eitt medlem samanlikna med 31.12.2023. Nokre har gått bort, nokre har aktivt meldt seg ut, samstundes som vi har fått nokre nye medlemmar. Medlemsutviklinga er noko styret vil fortsetta fokuset på og arbeida vidare med, og håpar på eit aktivt år der vi som lag får til auka rekruttering gjennom påverknad overfor bekjente, vera med på aksjonar og arrangement i bydelen og gjennom den komande stortingsvalkampen. I tillegg håpar me å finna tema og aktivitetar som kan engasjere fleire av våre

eksisterande medlemmar, og oppfordrar sterkt medlemmane våre til i den samanheng melda inn tema og kva dei kan bidra med.

2024 har vore eit aktivt år, og vi er stolte av dei aksjonane og arrangementa vi har gjennomført. Vi håper på å få gjennomført fleire opne folkemøte om aktuelle tema også i 2025, eit fortsatt godt samarbeid om aktuelle tema og saker saman med andre fag/bydelslag, i tillegg til dei andre faste aksjonane som synliggjer oss og partiet vårt overfor arnabuen.

Styret takkar for tilliten i 2024.



ARNA ARBEIDARPARTILAG, den 06.01.25

v/styret

*Arild Grimstad Iversen*  
Arild Grimstad Iversen  
leiar